

# Knagg frå Ørsta på messe i Paris

*Når designmessa Maison&Objet opnar i Paris fredag, så er Norge representert ved ei knaggrekke produsert hos Brødrene Øyehaug i Ørsta.*



**Design:** Knaggrekka Haldar frå Brødrene Øyehaug i Ørsta skal på messe i Paris. **FOTO:** PRESSEFOTO

## NYHETER

**PUBLISERT:**  
05 SEPTEMBER 2019 11:20

**SIST OPPDATERT:**  
05 SEPTEMBER 2019 12:41



**Terje Engås**

92628830  
te@smp.no



- Norsk design er på frammarsj i Frankrike. Aldri før har så mange norske designbedrifter stilt ut saman i Paris. Når fleire av dei også skal lansere nye produkt på Maison & Objet, blir dette ein norsk designstand utanom det vanlege, seier Egil Sundet i ei pressemelding.

Han er bransjesjef i Designindustrien, ei foreining i Norsk Industri.

## Norsk stand

Fredag denne veka opnar altså Maison & Objet. Ragnhild Grytten, som er prosjektleiar for Inside Norway, fortel i pressemeldinga at den norske standen byr på noko av de aller fremste designaktørane i Norge akkurat no.

**- Dette er kompromisslause, designdrivne bedrifter som held eit svært høgt nivå på det dei gjer. Norsk design har ei stigande stjerne i Europa, og vi har ein særdeles god stand som eg gler meg til å vise fram for eit internasjonalt publikum, legg ho til.**

Totalt seks bedrifter stiller ut på Inside Norway-standen i Paris frå 6. til 10. september: Vestre, Northern, Heymat, Fram Oslo, Magnor Glassverk og Lundhs Real Stone.

## Knaggrekka Haldar

Blant produkta som skal visast fram finn vi knaggrekka Haldar. Den er produsert ved Brødrene Øyehaug i Ørsta, med møbel- og interiørselskapet Fram Oslo som oppdragsgjevar.

**- Vi satsar på norsk design som har ei historie å fortelje. Vi jobbar tett med fleire norske designarar for å utvikle spanande og nyskapande produkt, og alt blir laga i Norge. På den måten sit vi tett på heile produktutviklinga, sparer tid og miljø - og sikrar at dei ferdige produkta held høg kvalitet, seier Annette Hoff, dagleg leiar i Fram Oslo.**

## Eksportvekst

Ifølge Designindustrien auka eksporten av møbel- og interiørprodukt med 5,3 prosent i løpet av årets første halvår.

**- Faktisk er design- og ferdigvareindustrien den eine av berre to sektorar i Norge som kan vise til eksportvekst dei siste 10 åra. Ambisjonen no er å doble eksporten fram mot 2030, noko som kan gje 40 milliardar kroner i auka verdiskaping og kanskje 30.000 nye arbeidsplassar. Skal vi få det til, treng vi politisk støtte, seier Egil Sundet.**

Han legg til at reint konkret ønsker han seg ei eiga eksportutviklingsordning for design og ferdigvare. Dette har eksistert i Danmark i ei årrekke og nokså nyleg kome på plass i Sverige.